

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 24

Tilleggsspørsmål nr.

Emne:

Oppskr. av: Olav Nordvik

(adresse): Røsheim

Fylke: Sogn og Fj.

Herad: Selje

Bygdelag: Stadlandet

Gardar: Nordvik, Fure, Sivik

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Bonde- og fiskarmiljø.

1. Lume brukte fire og sume fem måltider både sumar og vinter før.

No har ein til vanleg fire om vinteren og fem om sumaren.

2. Før: Frukost kl. 6, morgonbete kl. 9, middag kl. 12, none kl. 4 (16), kveldsmat kl. 9.

3. Ikke nokon nemnande skilnad.

4. Ikke nokon regel for det.

5. Helst kveldsmatn både sumar og vinter.

6. Vanleg to måltid med varm mat.

(middag og kveld).

7. Ikke særskilt mat dei ymse dagar, utan sundag og kanskje laurdagskvelden.

8. Ikke sers anna enn at ein om sumaren hadde mykje reikling og tørka sild.

9. Minst to ganger, ofte tre.

10. Ein brukte mykje flatbrød før. Ein måtte alltid ha det til sild, fisk, kjøt og fleisk.

11. Matsetel. (Ikke så stor skilnad på sumar og vinter at det er nemnande).

Frukost kl. 6: Spekeflesk, kjøt, poteter og

flatbröd.

Morgonbete kl. 9: Hellekake (potetkake, rugkake), smør eller lefse og mjölk, söt eller sur. Om sumaren var det ofte soppe dette målet.

Middag kl. 12: Grant.

Nane kl. 4(6): Hellekake og mjölk, söt eller sur. Skundom: Reteling, turke, sild og poteter og soppe.

Soppe = flatbröd sundlrok i skjör (surmjölk). Skundom hadde ein og varme poteter i soppa.

Kveldsmat omlag kl. 9:

Etter som det hinde.

- a. Raspakaker.
- b. Sild og poteter ^{my} flatbröd og byggmjölsuppe.
- c. 3 slaktebidi ofte pölse.
- d. Grant.

12. Frukost ca. kl. 7:

Vanleg ommsbröd, helst noko grant og kaffi.

Kl. 10: Litt bröd og mjölk eller kaffi.

Middag kl. 12-13:

Oftast fisk, spekasild, kjøt eller fleisk, poteter og flatbröd, suppe og skundom dessert.

Nane kl. 4:

Bröd og kaffi.

Kveldsmat kl. 8-9:

Helst grant.

13. Nei, det tører eg ikkje gjera my noko rett meining om.

14. Det kan nok vera at sume, serleg gamle folk, ikkje byr seg mykje om

kylling; men matrel et alle her i bygds.
Eller stort sett det same före fell.
15. Kosthaldet under siste verdens kri-
gen, var stort sett same både før
og sidan.

Det var ringare mjøl enn vanleg,
og dermed ringare brød. Hafftilset-
ning har eg ikkje sett sidan eit
halvt års tid etter at krigen slutta
i det heile sett eg ikkje noke brø-
de i kosthaldet no, for skuld krigen.